

IKT-reglement for elevar

1. Kven gjeld reglementet for?

IKT-reglementet gjeld for deg som er elev i vidaregåande skule. Reglementet skal fremje god samhandling, god orden, gode arbeidsvanar, slik at lærings- og arbeidsmiljøet i Vestland fylkeskommune blir trygt og godt.

2. Når gjeld reglementet?

Reglementet gjeld når du brukar fylkeskommunen sine datanettverk, lokale, utstyr, system og programvarer.

3. Grunnreglar og ditt ansvar

IKT-løysingane til Vestland fylkeskommune er ein viktig del av skulekvardagen din. Du er ansvarleg for korleis du brukar dei fylkeskommunale IKT-systema.

HUGS:

- Du har ikkje lov å bruke fylkeskommunen sine IKT-løysingar til aktivitetar som bryt norsk lov eller kan oppfattast som uetisk eller støyande.
- Du skal som hovudregel lagre skulearbeid i dei fylkeskommunale systema.
- Du skal ikkje lagre dine private data i dei fylkeskommunale systema.

4. Personvern og datatryggleik

“Personvern handlar om retten til privatliv og retten til å bestemme over eigne personopplysningar” (kjelde: <https://www.datatilsynet.no/rettigheter-og-plikter/hva-er-personvern/>)

HUGS:

- Dataene dine er ettertrakta, ver difor forsiktig når du er på Internett! Data du legg igjen kan sporast og brukast av aktørar du ikkje kjenner hensiktene til.
- Tenk gjennom korleis data/opplysningar om deg blir samla inn, brukt og delt på pc/Mac, nettbrett, mobiltelefon eller andre einingar.
- Tenk også gjennom korleis data/opplysningar om andre blir samla inn og kan bli spreidd vidare på nettet (til dømes bilete og video).
- Bruk dei programma og systema skulen gir deg tilgang til i skulearbeidet. Disse er godkjende hjelpemiddel og er tryggare å nytte enn andre alternativ. Snakk med lærar om du er i tvil. Sjå til dømes [Retningslinjer for KI](#).
- Ta omsyn til medelevar og andre i bruk av ulike media/system og Internett. Vis respekt for andre sine sensitive personopplysningar som person, kjønn, kjønnsuttrykk, kjønnsidentitet, etnisitet, livssyn, helseopplysningar, religion og seksuell orientering.
- Sensitive personopplysningar skal du berre dele i system/ordningar som er laga nettopp for dette. Personopplysningar er opplysningar som kan knytast til deg som person, som telefonnummer, e-post, personnummer eller bilde.

Om du blir utsett for til dømes mobbing, brot på dine rettar for personvern eller liknande gjennom sosiale media/andre system knytt til skulearbeidet, melder du frå på skulen din eller tek kontakt med Elev- og lærlingombodet i Vestland fylkeskommune <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/hjelp-i-skulekvardagen/elev-og->

[larlingombodet/](#).

Les meir om retten til eit trygt og godt skulemiljø: [Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø - Vestland fylkeskommune](#)

5. Personleg brukaridentitet og passord

Brukaridentiteten din er personleg, og det er berre du som skal bruke han.

HUGS:

- Passordet ditt er privat og skal ikkje delast med nokon.
- Det er ein god regel å låse maskina (til dømes Win + L) når du ikkje brukar ho.
- Viss du trur andre har fått tilgang, må du endre passordet med ein gong og melde frå til IKT på skulen din.
- IT kan også krevje passordendringar når det er nødvendig for tryggleiken.

6. Bruk av IKT ved eksamen

I tillegg til dette ikt-reglementet gjeld det eigne retningslinjer for bruk av IKT ved eksamen. Vestland fylkeskommune sine opplysningar om retningslinjer for eksamen finn du på [Eksamen og standpunkt for elevar i vgs - Vestland fylkeskommune](#).

7. Kva skjer med kontoen din når du avsluttar opplæringa i Vestland fylkeskommune?

Når du avsluttar opplæringa i Vestland fylkeskommune har du ikkje lengre tilgang til dei fylkeskommunale IKT-systema.

Kontoen din blir sletta og:

- alle filene du har lagra i fylkeskommunale system blir sletta (filene du har lagra i system som Teams/Office 365, Itslearning eller Google Workspace) e-postboksen din blir sletta.
- du mistar tilgang til notatbøker og filer andre har delt med kontoen din.
- programvare du loggar på med skulekontoen din vil du miste tilgangen til.

Du må sjølv sikre å laste ned eller ta ein kopi av data du eig og har liggande i dei fylkeskommunale IKT-systema.

8. Brot på reglementet:

Kjem det varsel om mistanke på brot på IKT-reglementet eller lovverk, vil Vestland fylkeskommune undersøke kva som har skjedd.

- Du kan sjølv melde frå om avvik til ein lærar, avdelingsleiar, rektor eller til elevhjelp.vlfk.no dersom du oppdagar alvorlege brot på reglane.
- All datatrafikk blir logga, og IKT vil gå gjennom loggane ved mistanke om brot på IKT-reglementet eller lovverk.
- Brot på reglementet kan føre til at du blir utestengt frå fylkeskommunale IKT-system eller får nedsett orden eller åtferdskarakter.
- Brot på norsk lov blir meldt til politiet.